

Arkeologi og myter: Om Nidarosdomens historie før 1200

Av Øystein Ekroll

1. Området før Reformasjonen

Området omkring Nidarosdomen og Erkebispegarden er ein svært symbolmetta stad i norsk historie, med ein religiøs historie som går attover til det 11. hundreåret. Området er i dag fullstendig dominert av disse to store bygningskompleksa, som ligg omkransa av vide grøntområde. Dette området utgjer eit platå som omfattar den søraustre og høgaste delen av Nidarneshalvøya som Trondheim sentrum ligg på (fig. 1).

Etter engelsk mønster låg domkyrkjeområdet og dei geistlege residensane i Trondheim, som i resten av Norge, fysisk skilt frå sjølve byen. Denne løysinga

står i motsetning til Kontinentet, der katedralen og torget som regel er midtpunktet i byen. Byggegrunnen blir derfor svært kostbar og omstridd, og må utnyttast fullt ut. Dei geistlege residensane blir derfor svært komprimerte.

I Trondheim var det derimot tydeleg nok svært god plass, og dei geistlege slo seg ned på kvar si side av katedralen: Erkebispegarden ligg på sørsida, og kannikeresidensane var plassert på nordsida, mot byen. Den første omfatta på 1200-talet eit område på minst 100 x 150 meter, og dei siste omfatta til saman eit minst like stort område, kanskje dobbelt så stort. Kan-



Fig. 1. Nidarosdomen med Erkebispegarden framfor, sett frå sør ca. 1975. Nidelva i framgrunnen. Det flate området langs elva blir i dag kalt »Marinen«. Kongsgarden låg til høgre i området. Foto: Nidaros Domkirkes Restaureringsarbeider (NDR).




Fig. 2. Trondheim omkring år 1300. Kongsgarden (L), Nidarosdomen (M), kannikresidensane (N) og Erkebisppegarden (O) ligg samla sør for byen Trondheim, som med sine kyrkjer og kloster ligg langs nedre del av Nidelva. (C) er den eldste kongsgarden. Etter: Lunde 1977.

nikresidensane auka gradvis i tal til 24, ein for kvar kannik. Kvar residens inneheldt både bustad-, lager- og fehus, og dekte truleg eit område på ca. 40 x 40 m.¹ I Norge var kannikane sekulære, d.v.s. at dei budde kvar for seg i eigne hus og ikkje i ein klosterliknande

organisasjon. Frå midten av 1200-talet vart det oppretta ein felles residens, Kommungarden, for møter og felles bordhald.

Aust for katedralen, mellom den og Nidelva, låg Kongsgarden, som berre så vidt er arkeologisk påvist. Han skal ha blitt grunnlagd av Harald Hardråde omkring 1050, som erstatting for den eldre kongsgarden nokre hundre meter lenger nord frå omkring år 1000, som alt var blitt innebygd av den sterkt veksan- de byen (fig. 2).

Denne inndelinga av området med fire klart defi- nerte delar, som kvar var omgitt av kraftige steinmur- ar, kan følgast attover i tida til omkring år 1200, i alle fall gjennom skriftlege kjelder. Vår kunnskap om tida før 1200 var til nyleg bygd på yngre, skriftlege kjel- der og nokre få arkeologiske undersøkingar frå 1800- talet. Det er derfor på tide å granske dette materia- let kritisk på nytt, og stille spørsmålet: Korleis var det eigentleg her før år 1200?

2. Myten om St. Olavs grav under høgaltaret

»Graven er den røde traad, der gaar igjennem domkirken hele historie«.² Sidan antikvaren Nicolay Nicolaysen fast- slo dette i 1870-åra, har lokaliseringa av Olavs grav un- der høgaltaret vore premissen for all forskning omkring grunnlegginga av Nidarosdomen. Den lange historiske linja og kontinuiteten frå 1030 til i dag gjer dette til eit fokuspunkt i norsk historie. Grunnlegginga av ein ka- tedral over sjølv martyrgrava plasserer Nidarosdomen i fornemt selskap med t.d. Kristi Gravkyrkje i Jerusa- lem, Peterskyrkja i Roma og Santiago de Compostela. Nicolaysen og Fett sin grunntese er at Oktogonen er bygd som ei gravkyrkje og ramme omkring Olavsskri- net, som sto på høgaltaret rett over grava (fig. 3).

Tradisjonen om grava under altaret går langt atten- de. Snorre skriv omkring 1230 i »Soga om Olav den

heilage« at bonden Torgils Håmulson på Stiklestad førte liket av kong Olav til Trondheim i løynd, men at ingen av venene til kongen ville ta imot det: »*Sidan tok Torgils og dei andre og førte liket opp etter åa og grov det ned i ein sandmel som er der, og jamna etter seg så ingen kunne sjå at dei nyleg hadde grave der*«. ³

Seinare får vi vite at »*på melen der kong Olav hadde lege i jorda, kom det opp ein fager brunn, og av dette vatnet fekk mange helsebot, som var sjuke. Brunnen vart innbygd, og dei har jamnan teke godt vare på dette vatnet sidan. Dei bygde først eit kapell der og sette altaret der som kongens grav hadde vore; men no står Kristkyrkja på denne staden. Erkebisp Øystein let setje høgaltaret på same staden som kongens grav hadde vore, da han reiste den store katedralen som no står, og på denne staden hadde altaret vore i den gamle Kristkyrkja òg*«. ⁴

Dette er vår viktigaste informasjon om kva som skjedde med grava til St.Olav før Snorre si tid. Snorre var i Trondheim vinteren 1219-20 og kan ha samla opplysingar då, sjølv om ingenting tyder på at han enno hadde planlagt å skrive kongesogene. Guttorm (1215-24) var erkebisp på denne tida. Snorre var i følget til Skule jarl, som hadde eit svært godt forhold til dei geistlege. Det var prestane ved domkyrkja (domkapitlet) som kjente historien om St.Olav og Kristkyrkja, og som hadde eit arkiv med gamle dokument og skrifter som kunne kaste lys over historia fleire generasjonar attover i tid.

Hendingane omkring Olavs død og helgenkåring låg alt på Snorres tid nesten 200 år bakover i tida. Dei viktigaste hendingane, som slaget på Stiklestad, gravlegginga i løynd i sandmælen og helgenkåringa eitt år seinare var kjent av alle og er stadfesta gjennom samtidige skaldekvad som Snorre refererer. Men utbroderinga med alle detaljane står for Snorre si eiga rekning. Han opplyser heller ingenting om kva for



Fig. 3. Oktogonen i Nidarosdomen, bygd omkring år 1200, sett mot vest. Hovedaltaret ligg midt i Oktogonen, som står på det høgaste punktet i området. Foto: ØE.

kjelder han har til denne utbroderinga, eller om han berre har dikta dette opp sjølv.

Dei bevarte norske historiske verka frå andre halvdel av 1100-talet, t.d. *Ågrip*, *Historia Norwegie* og *Historia de antiquitate regum Norvagiensium* (Historia om dei eldste norske kongane), har ei svært knapp form, med få detaljar og ein heilt annan forteljarteknikk enn den Snorre utviklar ein generasjon seinare. Skal ein døme utfrå stilen i disse korte bøkene, er det svært vanskeleg å tru at det skal ha eksistert eldre, like detaljerte skriftlege skildringar som Snorre formidlar, utan at vi kjenner dei i dag eller at dei vart brukte av forfattarane ein generasjon før Snorre.

Historia Norwegia går berre fram til år 1015, *Ågrip* nemner ikkje grava til Olav i det heile og *Historia de antiquitate regum Norvagiensium* seier berre at Olav vart teken opp av grava etter eitt år og fem dagar og lagt på ein sømeleg stad i domkyrkja i Nidaros.⁵ Tradisjonen med grava og altaret var derfor ikkje kjend på 1100-talet, eller spela i det minste inga viktig rolle. Sjølv i samlinga av Olavs underverk – *Passio Olavi* – som etter alt å døme er ført i pennen av erkebiskop Øystein omkring 1180, står det ikkje eit ord om grava til Olav.⁶

Konklusjonen må derfor dessverre bli at alle dei spennande og interessante detaljane hos Snorre er eit produkt av hans eigen penn og hjerne.

3. Topografien

La oss derfor sjå nærare på dei topografiske forholda omkring Nidarosdomen, som Snorre må ha blitt godt kjent med under opphaldet sitt her. Rett før Nidelva møter Trondheimsfjorden gjer elva ein stor sving og skaper ei trekanta halvøy – Nidarneset. Nidarosdomen ligg på søraustre kanten av denne halvøya. Dette er også det høgaste punktet på halvøya, som utgjer eit platå som i dag ligg ca. 14 meter over havet. På dei

siste 1000 åra har landet heva seg ca. 4 meter, så på Olavs tid låg dette punktet ca. 10 m.o.h. (fig. 4).

Mellomalderbyen låg eit par hundre meter lenger nord langs den nedre delen av elva. I første halvdel av 1000-talet var Nidaros/Trondheim ei husklynge omkring to små bukter i Nidelva som fungerte som hamn, truleg den hamna som sagaen kallar Skipakrok. Her låg også den eldste kongsgarden frå Olav Tryggvasons tid omkring 995/1000. Her skal Torgils først ha lagt til land og prøvd å få kongens vener til å ta hand om kongens lik. Då dette ikkje lukkast, rodde han og følgjet hans eit stykke lenger oppover elva, der dei i løynd gravla kista med liket på ein »sandmel«, som Snorre skriv.

Men oppe på platået der Nidarosdomen ligg er det ingen sandmel, berre eit tjukt, kompakt leirelag som stammar frå eit stort leirskred frå førhistorisk tid. Som vi seinare skal sjå, var det også tett med bygningar og agrar aktivitet her oppe på platået. Det er også svært lyst om natta i Trondheim i slutten av juli. Den minst logiske staden å grave ned ei kiste på ei lys sommarnatt i Trøndelag må vere nettopp den staden der domkyrkja ligg, der slik aktivitet ville vere synleg vidt omkring. Derimot ligg det sandmælar (sandbankar) under den bratte skrenten langs Nidelva sør for Nidarosdomen, der elva renn sakte og legg opp sand og grus i elvesvingen.

Den mest naturlege staden å gravlegge ei kiste i løynd ville såleis vere nede ved Nidelva, sørvest for Nidarosdomen. Her gjer elva ein stor sving mot sør for deretter å renne rett nordover mot fjorden. I den indre svingen har det gjennom hundreåra bygd seg opp store sandbankar. Dette er også det øverste punktet der elva er seglbar med større båtar, og seinare i mellomalderen vart den første brua over Nidelva bygd her. Det var truleg eit gammalt vad eller kryss




Fig. 4. Det eldste kartet over Trondheim, utført av landmålarer Olof Naucerus under den svenske okkupasjonen av Trondheim i 1658. Erkebispesgarden er no blitt kongsgard, og det gamle kongsgardsområdet er blitt til åker og hage for den nye kongsgarden. Brua ligg på same stad som i mellomalderen. Etter: Berg 1951.

singspunkt over elva her før brua vart bygd. Bak svingen er ein ute av syne frå byen og frå toppen av plataet, og ein har større sjanse til å utføre eit ærend usett. Det ville vere enkelt å slå leir her, dra båten på land og grave ned ei kiste usett i løpet av natta, og deretter slette alle spor etter eit gravearbeid her.

Nyare utgravingar på dette plataet, både under sørflyta i Erkebispesgarden i 1991-96, på Vestfrontplassen framfor Nidarosdomen i 1996 og til slutt nord for Vestfrontplassen i 2004, har vist at det var eit gardsanlegg i området seinast frå slutten av 800-talet. Det er funne restar av bygningar, gjerde og brønner, m.a.

det som er tolka som ein stor fjøs som er 14C-datert til perioden 968-1038 e.Kr.⁷ På Vestfrontplassen vart det i 1996 funne spor etter jordbruksaktivitet i form av grøfter og gjerder som kunne 14C-daterast til perioden 895-988 e.Kr.⁸ Ved utgravinga i 2004 vart det berre 10-15 meter frå NV-tårnet på Domkyrkja funne stolpar frå ein stor bygning som er dendro-datert til byrjinga på 1000-talet.⁹ Eldre funn av smykke, reiskap og våpen frå både romartid og vikingtid tyder også på at det var førkristne graver i området der det nordre tverrskipet i domkyrkja ligg.¹⁰

Samanlagt tyder altså disse spora på at det var ein stor agrar aktivitet her omkring år 1000. Dette er det same området, altså det noverande Domkyrkjeplatået, som Snorre vil ha oss til å tru var aude og folketomt og der ei kiste kunne gravast ned usett. Det er svært sannsynleg at denne halvøya utgjorde eit samla gardsområde, truleg med namnet Nidarnes, og at tunområdet til garden låg nettopp her. Den noverande Bymarka vest for halvøya var i så fall garden sitt beite- og utmarksområde. Garden var underlagt jarlesetet på Lade, og begge vart etter alt å dømme konfiskert av kongemakta i samband med kristninga av landet omkring år 1000.¹¹

På slutten av 900-talet er det omtalt ein mektig mann, Torgeir Avrådkoll, som budde her på Nidarnes.¹² Det er som alt nemnt sannsynleg at garden vart konfiskert av kongemakta på denne tid, i samband med grunnlegginga av Trondheim/Nidaros på garden sin grunn og bygginga av ein kongsgard her. I så fall ville garden ha fungert vidare som ein avls- eller ladegard som produserte matvarer for kongsgarden nede ved elva.

Ved nokre utgravingar dei siste par tiåra i Danmark, i form av flateavdekkingar av store areal rundt mellomalderkyrkjer, er det blitt påvist at det i tidleg

mellomalder ofte låg gardstun med store bygningar ved eller omkring kyrkjene, så store at det utan tvil var stormenn som budde her. Det mest slåande dømet så langt er Lisbjerg ved Århus, der det viser seg at kyrkja, eller rettare sagt ein trebygd forgiengar, har stått midt inne på eit inngjerda tunområde på ca. 140 x 100 meter, med store hallbygningar langs minst to av sidene.¹³ Seinare vart storgarden erstatta av ein landsby, og alle spor og minne etter storgarden vart viska ut. Det er sannsynleg at dette var eit kongeleg anlegg som var eit administrasjonssentrum, og det låg ved ein viktig hovudveg.¹⁴

4. Domkyrkjeplatået

I motsetning til ein sandmel nede ved breidda av Nidelva, var dette høgaste punktet på halvøya ein perfekt stad for å plassere eit statusbygg som t.d. ei kyrkje. Grunnforholda er gode og stabile, og eit stort byggverk her ville vere synleg frå lang avstand. Omkring år 1050-60 flytta kong Harald Hardråde (1047-66) maktsentret lenger mot sør, og grunnla ein ny kongsgard med ei steinkyrkje vigsla til Maria. Kongsgarden låg ved Nidelva aust for Nidarosdomen, sør for Gamle Bybru/Bispegata. Det er usikkert kor langt mot vest kongsgardsområdet strekte seg, men det må i alle fall ha gått opp til kanten av platået, truleg lenger. Kanskje vart gardsbusetnaden på det gamle Nidarnes-tunet då flytta vest- eller sørover for å frigjere plass, kanskje dit Erkebispegarden låg seinast frå 1100-talet? Ifølge utgravingane ser det i alle fall ut til å bli slutt på den agrare aktiviteten i området rundt Domkyrkja etter midten av 1000-talet.

Det er enno uklart nøyaktig kvar Mariakyrkja sto, men det var ein eller annan stad langs austre kant av platået. Kyrkja vart riven etter berre vel 100 år i samband med utbygginga av den noverande Nidaros-

domen, truleg i 1160-åra. Mariakyrkja fekk ikkje lenge stå aleine: Kong Olav Haraldsson Kyrre (1066-93) bygde ei stor steinkyrkje vigsla til Treeininga – men kalla Kristkyrkja – i 1070-80-åra, og dette er forgjengaren til Nidarosdomen. Grunnmurane til Olav Kyrres kyrkje er identifisert som dei murrestane som vart funne på 1800-talet under den ståande katedralen.¹⁵

Det er god grunn til å sjå også denne store steinkyrkja som ein integrert del av kongsgarden, heller enn eit frittståande bygg. På Olav Kyrres tid var det enno ikkje oppretta regulære bispesete i Norge, men bispane var fullstendig avhengige av kongemakta og økonomisk støtte frå kongen. Kristkyrkja skal derfor like mykje oppfattast som ei kongeleg palasskyrkje som ei bispekyrkje, særleg ettersom helgenskrinet med St.Olav, halvонkel til Olav Kyrre, fekk sin plass over høgaltaret her. Det var berre to ting som mangla: Olav si grav og kjelda som sprang fram ved grava. Korleis kunne historien »forbetrast«, slik at heile historien om St.Olavs gravlegging kunne samlast under eitt tak?

Ein kan derfor spørre om Snorre er blitt utsett for eit »fromt bedrag«: Er han er blitt fortalt ein revidert versjon av historien som dei geistlege hadde konstruert på Olav Kyrres tid, fleire generasjonar tidlegare? Det var uproblematisk å hevde at Olav si grav låg på same staden der altaret og Olavsskrinet sto seinare.

Men kva med kjelda som sprang fram attmed grava? Den kunne ikkje like lett omlokalisertast. Men berre 3-4 meter frå altaret ligg det i dag ein brønn, som frå 1500-talet er kjent som Olavsbrønnen. Brønnen er innbygd i ytterveggen til oktogonen, og er heile 11,5 meter djup. Plasseringa i veggjen fortel at han er konstruert seinast i 1180-åra, kanskje alt i samband med Olav Kyrres Kristkyrkje.¹⁶ Sjølv om ein katedral hadde bruk for ein brønn til vatn både til messer og reinhald, var det ingen grunn til at han skulle ligg

så nær høgaltaret. Det måtte derfor vere ein spesiell grunn til plasseringa: Brønnen kunne også tene som bevis for Olavskjelda. Han er heller ikkje alment tilgjengeleg, men ligg inne i eit lite, avstengt rom med avgrensa tilgang. Dei geistlege hadde derfor full kontroll med vatnet frå brønnen. Slik »tillemping« av fakta for å tene eit godt formål var slett ikkje ukjent i mellomalderen. Det er slett ikkje sikkert at ei slik eventuell flytting av grava si lokalisering vart oppfatta som problematisk i det heile tatt i mellomalderen.

Eit godt døme på dette er t.d. Kristi Gravkyrkje i Jerusalem. Under keisar Konstantin den store, 300 år etter Jesu død og gravlegging, og etter store oppfyllingar og endringar av området, vart både klippegrova og Golgataklippen gravd fram att og inkorporert i ein og same bygning. Det finst ikkje eit einaste bevis for at dette er den rette lokaliteten, men det er likevel blitt akseptert gjennom 1700 år.

Ein generasjon seinare vart det bygd ei tredje kyrkje i kongsgarden. Barnebarnet til Olav Kyrre, kong Øystein Magnusson, bygde i si regjeringstid 1103-23 ei Nikolaikyrkje der. Kyrkja var rikt dekorert, men utifrå ordlyden er det usikkert om ho var av tre eller stein.¹⁷ Det er grunn til å undrast kvifor det skulle byggast så mange kyrkjer her på eit så lite område. Kanskje markerer bygginga av Nikolaikyrkja at den store Kristkyrkja no vart ei rein bispe- eller domkyrkje? Innføringa av tienden i Norge akkurat på denne tida gjorde bispane og kyrkja meir økonomisk uavhengige av kongemakta, og det kan ha blitt markert ved at bispfen fekk full råderett over Kristkyrkja.

Det har også eksistert ein annan institusjon nær domkyrkja: Eit hospital. I *Passio Olavi* frå omkring 1180 er det omtalt eit mirakel med ein invalid gut som var »i hospitalet ved kyrkja, som gjev tilhelde åt sjuklingar«, og vart lækt av helgenkongen om natta.¹⁸




Fig. 5. Kart over Domkirkepladset med situasjonen i 1888. A er den hypotetiske Mariakirke, B er »brønnen«, C er den gamle kongsgarden, D er ein hypotetisk veg. Den sannsynlege Olavskjelda er merka »I« mellom bygningane 7 og 8 øverst til venstre. Området »Marine-Etablissementet« blir i dag kalt »Marinen« og inkluderer området C – I. Etter: Mathiesen 1890.

Hundre år seinare er dette hospitalet relatert til eit areal nord for Kristkyrkja og vigsla til Maria.¹⁹ I 1277 vart det noverande Trondhjems Hospital oppretta på Ilevollen vest for byen, der det ligg enno i dag, og det kan vere usikkert kva for eit av dei som er omtalt i kjeldene. Det er også uvisst kor lenge dette Maria-hospitalet nord for domkyrkja var i drift. Dersom det først og fremst var innretta for tilreisande pilegrimar, ville det ha mista si rolle i takt med nedgangen i talet på pilegrimar etter Svartedauden i 1349-50, og det er ikkje nemnt i kjeldene etter denne tid.

5. Olavskjelda

Men har det verkeleg eksistert ei Olavskjelde heilt frå den eldste tid på 1030-talet? Nede ved Nidelva, tett ved den sandbanken som mest sannsynleg var staden for Olav si første grav, spring det faktisk fram ei naturleg vasskjelde som lokalt i lang tid er blitt kalla Olavskjelda (fig. 5). Den kan berre følgast på kartmaterialet attende til 1830, men kjelda har ein geologisk karakter som viser at den må ha eksistert gjennom heile historisk tid. Kjelda ligg i dag på + 4.1 meter over havet, og ville dermed i 1030 ligge rett over mellomvannstanden, på ein sandbanke rett ved elva. Dette er omtrent det same nivået som botnen i Olavsbrønnen i Domkyrkja, og kan vere ei forklaring på kvifor brønnen er så djup (fig. 6). Moderne analyser av vatnet viser at det er mineralrikt og av god kvalitet. Kjelda er i nyare tid lagt i rør og vatnet er frå 1999 på nytt gjort tilgjengeleg gjennom ei drikkefontene.²⁰

Den første granskinga av kjelda vart gjort av lokalhistorikaren Henrik Mathiesen i 1890. Gjennom ein klarsynt analyse av kjelder og topografi peikte han ut ei nesten gjengrodd vasskjelde i det området langs elva som i dag heiter ‘Marinen’, og at dette sannsynleg var den ekte Olavskjelda. Som ei forklaring lanser-

te Mathiesen teorien om det ‘fromme bedraget’ som har tilslørt den sanne historien heilt frå Snorres tid.²¹ Gjennom lokale informantar kunne han føre tradisjonen om denne kjelda fire generasjonar attover




Fig. 6. Snitt gjennom den nesten 12 m djupe Olavsbrønnen i oktogonen i Nidarosdomen. Teikning i NDRs arkiv. Foto: Kjartan P. Hauglid




Fig. 7. Kreftings utgraving i koret i Nidarosdomen i 1865-66, sett mot aust. Etter: Krefling 1885.

i tid, dvs til slutten av 1700-talet. Mangelen på skriftlege kjelder kan m.a. forklarast med at dette var eit militært område som var utilgjengeleg for folk flest heilt frå 1600-talet.

6. Arkeologi i katedralen

Utgravingane i åra mellom 1865-90 inne i den austre delen av katedralen, hadde som formål å finne gamle graver og murrestar (fig. 7). Disse vart nøye målt opp og innteikna på oversiktsplanar før dei vart fjer-

na. Jordlaga vart stort sett spadd ut, sjølv om ein del gjenstandar vart samla inn.²² Dokumentasjonen vart utført av byggmeister Wilhelm Bergstrøm, som hadde stor personleg interesse av dette arbeidet. Dagbøkene hans frå dette arbeidet er ei umissande kjelde til alt som skjedde under restaureringa i tida 1876-1904. Det er ingen grunn til å vente at han skulle kunne oppdage strukturar som t.d. stolpehol, sidan heller ikkje den tids arkeologar kjente til slike. Spora etter ei eldre trekyrkje, i form av stolpehol eller golvlag, kunne

derfor lett ha blitt fjerna utan dokumentasjon. Likevel dokumenterer faktisk Bergstrøm funnet av to store jordgravde trestolpar,²³ og ein tredje stolpe tolka han som ein stillasstolpe frå bygginga av domkyrkja.²⁴

Etter utgravingane vart alle gamle murrestar under golvet i koret fjerna for å gi plass til ein ny kjellar. Unntaket var seks mellomalderske steinkister som vart »innkapsla« i murte pillarar i kjellaren. I resten av katedralen vart det også gravd ut kjellar, slik at ingen jordlag er i dag bevart innanfor murane, med unntak av Oktogonen. Her kan det stadig ligge bevart spor under golvet etter eldre aktivitet, sjølv om det vart gjort ein del graving også her på 1800-talet.

7. Alterfundamentet i Oktogonen

Området under golvet i Oktogonen vart undersøkt av kaptein Otto Krefling i 1865 og 1872 (fig. 8). Det var påfallande nok ingen spor av mellomalderske graver i midtrommet, berre ein romansk, kisteforma gravstein som var snudd opp-ned og brukt sekundært som golvhelle. Denne steinen er av ein type som ikkje skulle ligge innandørs, men ute på kyrkjegarden. Han hadde opphavleg ståande endesteinar, som dessverre ikkje var bevart (steinen ligg i dag i gravsteinsutstillinga i kjellaren under Nidarosdomen).

Under golvet i omgangen vart det heller ikkje funne graver, men det kan tenkast at graver eldre enn Oktogonen ligg bevart i eit djupare nivå enn Krefling gravde. Golvet i Oktogonen ligg fleire trinn over golvet i koret, og Krefling gravde ikkje like langt ned alle stader: Berre under altaret vart det gravd ned til sterile lag.

Den totale mangelen på mellomalderske graver i midtrommet i Oktogonen er påfallande, ikkje minst med tanke på at dette var den mest prestisjefylte staden i heile katedralen. Både kongar og erkebiskopar




Fig. 8. Plan og snitt av altarfundamenta i koret i Nidarosdomen, utgravde i 1872. Etter: Krefling 1873.

kunne ha interesse av å få sine graver så nær helgenkongen sitt skrin som muleg. Det ser likevel ut som om den nye Oktogonen frå omkring år 1200 vart rekna som eit avstengt område, der berre helgenkongen skulle kvile. Dei få bevarte erkebissegravene ligg alle i den austre delen av midtskipet i koret, framfor trappa

som fører opp til Oktogonen. Tolkinga av dette må bli at Oktogonen – gravrotunden – var eit så heilagt område at ingen andre kunne få sine graver attmed helgenkongens grav.

Kreftings utgraving viste tydeleg at pillarane som ber midtrommet i Oktogonen ikkje berre står på same stad som det kvadratiske koret til Olav Kyrres Kristkyrkje, og som ifølge Snorre var bygd mellom 1066 og 1093, men at dei også står på restane av dette koret. I Olav Kyrres kor vart ei rekke kongelege gravlagde fram til midten av 1100-talet, særleg inne i veggane.²⁵ Å bli gravlagt inne i veggene var tydeleg eit kongeleg privilegium. Det forklarar kvifor Krefting ikkje fann ei einaste grav under golvet.

Ved rivinga av dette koret for å bygge Oktogonen, i perioden mellom 1183 og ca. 1210, må alle kongegravene ha blitt forstyrre og flytta til ein annan stad i katedralen. Den mest sannsynlege plasseringa ville vere det nybygde tverrskipet, der det ikkje var planar om å starte nye byggearbeid.

Ein indikasjon på dette er at det vart funne restar av to murte graver i sørveggen i søndre tverrskip i 1884, den eine over den andre.²⁶ Gravene til kong Inge Bårdsson (død 1217) og bror hans hertug Skule (død 1240) er også blitt tolka som plassert i dette området.²⁷ Det kan ha samband med at det var i dette området dei relokaliserte kongelege gravene låg, slik at søndre tverrskip vart eit kongeleg gravområde. Det finst ingen spor som tyder på at dei 10 kongelege gravene vart plasserte på same stad i den nye Oktogonen som dei tidlegare var: omkring helgenkongens skrin. Ei slik plassering kan vi enno sjå t.d. i Westminster Abbey, der den engelske kongefamilien på 1200-talet la sine graver som ein halvsirkel omkring skrinet til helgenkongen Edward the Confessor.²⁸ Det kan derfor verke underleg at i Trondheim vart kongegravene

flytta *vekk* frå helgenen. Kanskje var det eit medvete trekk frå Kyrkja si side for å gjere kongemakta mindre synleg og framheve helgenen?

Ved utgravinga kunne Krefting avdekke fundamenta til to eldre altar (fig. 7). Det øvre var større enn det underste, men begge hadde same avslutting mot aust. Det øverste fundamentet var kvadratisk, og målte heile 420 x 420 cm. Med ei grunnflate på 17,5 m² var det stort nok ikkje til berre sjølv altaret, men også til heile den murte sokkelen for Olavsskrinet bak altaret, med ein baldakin over begge. Dette altarfundamentet var etter Kreftings meining bygd samtidig med Oktogonen, altså omkring år 1200.

Under dette låg eit eldre og mindre altarfundament som målte 240 x 240 cm. Krefting tolka det som samtidig med det eldste, kvadratiske koret i Olav Kyrres Kristkyrkje frå slutten av 1000-talet. Under dette fundamentet låg tre store, naturtildanna steinheller som kvar målte ca. 210 x 60-90 cm. Med stor spenning løfta Krefting hellene, men fann ingenting under, sjølv om han grov 6 fot ned i leirlaget under hellene: Det fanst ingen spor etter ei grav her.

Dei tre store steinhellene var tydeleg lagt ned her med vilje, for det finst ikkje naturstein i jorda på dette platået. Det er vanskeleg å tenke seg andre motiv enn at dei var lagt som fundament for det altaret som kom her. Krefting var liksom Bergstrøm ingen moderne feltarkeolog, men dersom det hadde eksistert ei kisteforma nedgraving i naturbakken ville han sikkert ha observert den. Ei eventuell grav kunne kanskje ha blitt skada ved fundamentering til den første steinkyrkja, men det er vanskeleg å forklare ettersom plasseringa av grava skal ha vore den direkte grunnen til at kyrkja og alteret vart lagt nettopp her. Ein skulle vente at spora etter ei eventuell grav her ville ha blitt respektert og verna om.

8. Den mystiske Mariakyrkja

Kjeldene frå slutten av 1100-talet og framover kan fortelje at kong Harald Hardråde (1047-66) lot byggje ei Mariakyrkje nær ved Olavs grav, og at Olavsskrinet vart flytta dit då kyrkja sto ferdig: »Kong Harald let reise frå grunnvollen Mariakyrkja oppe på melen, tett ved der som dei heilage leivningane til kongen låg i jorda første vinteren etter han var fallen. Dette var eit stort kyrkjebygg, og det var mura så sterkt med kalk at det var knapt dei greidde bryte det ned da Øystein erkebisp let det rive. Dei heilage leivningane til kong Olav gøymde dei i Olavskyrkja medan dei heldt på og bygde Mariakyrkja. Kong Harald let byggje ein kongsgard nedanfor Mariakyrkja ved elva, der han enno er«.²⁹

Dette skal ha skjedd før 1066: »Eit år etter kong Harald var fallen, førte dei liket hans vestafrå England og nord til Nidaros. Det vart jorda i Mariakyrkja, som han hadde bygt«.³⁰

Ågrip fortel også at: »Han (Olav Kyrre) jorda liket til Harald i Mariakyrkja i Nidaros, for det tyktest høveleg at han – Harald – følgde den kyrkja som han sjølv hadde late byggja. Men no ligg han på Elgeset. Erkebiskop Øystein let honom fara dit og gav honom i munkane si varetekt, og auka med det den eigedomen som han sjølv hadde gjeve dit«.³¹

Elgeseter (eigentleg Helgeseter/Monasterium sanctæ Sedis) var eit augustinarkloster som Øystein oppretta, kanskje så tidleg som i 1160-åra eller seinast i 1180-åra.

I *Historia de antiquitate*.. er det berre kort omtalt at »Harald hadde bygget en kirke for den hellige jomfru Maria som ennå finnes i denne samme byen«.³²

Den siste mellomalderske kjelda som omtaler Mariakyrkja er den islandske *Flateyarbók*, eit samleverk frå ca.1380: »Kong Harald let gjere Mariakyrkja nord i Nidaros, og altaret stod der som Gradene no står ved Kristkyrkja. Han la mykje gods til kyrkja og han hjalp mykje fram kaupangen i Nidaros«.³³ Mot slutten av saga hans i same boka er det lagt til: »... og ligg han på Elgeseter,

for at det tyktest rett at han skulle følgje den kyrkja som han sjølv hadde lete reise« (forf. begge omsetj.).³⁴

Lokaliseringa av Mariakyrkja si tomt har lenge vore usikker, og mange teoriar er framsette. Snorre seier berre at ho låg »tett ved« staden Olav var gravlagd. Dette var 40-50 år etter at kyrkja forsvann. Opplysinga om at erkebiskop Øystein lot rive kyrkja, vart seinare samankopla med kunnskapen om erkebispens sine byggjearbeid på domkyrkja. Konklusjonen vart dermed at Mariakyrkja stod så tett attmed Olav Kyrres Kristkyrkje at ho reint fysisk stod i vegen for den nye Nidarosdomen. Men det er ingenting i kjeldene som støtter denne hypotesen, som likevel lever i beste velgåande i dag.

Den alment aksepterte lokaliseringa sidan 1850-åra er P.A.Munch sin teori om at Mariakyrkja låg ca. 20 m nord for Kapittelhuset, ein teori som tilsynelatande vart stadfesta ved Krefting si utgraving i 1887.³⁵ Ved ei »oppdrydding« på kyrkjegarden omkring 1860 vart det fjerna ein del murrestar her, og i 1887 gjennomførte Krefting utgravingar i dette området for å finne ut kva som hadde stått her. Han fann to ulike murrestar utan stratigrafisk samanheng og utan sikker datering, men tolka restane som leivningar av to byggverk som er kjent frå historiske kjelder: Mariakyrkja og kongane sin hyllingstribune. Men med ein avstand på 20-30 meter til domkyrkja er det derimot vanskeleg å forklare at Mariakyrkja måtte rivast på grunn av byggjearbeida på domkyrkja. Det må ligge andre årsaker bak.

9. Kongestolen

Konge- eller hyllingsstolen var ein tribune av stein, bygd som sitjeplass for kongen og rikets fremste menn under hyllinga av kongen. Hyllinga vart opphavleg utført på Øyrettinget nede ved fjorden, men vart i

seinmellomalderen flytta til området ved katedralen. Så seint som i 1299 vart kong Håkon 5. hylla på Øyrettinget etter gamal skikk, men i eit tillegg til Flateyarbok frå slutten av 1400-talet blir det fortalt at altaret i Mariakyrkja hadde stått der som »Gradene« på domkyrkjegarden då sto.³⁶ Namnet »Gradene« kjem av latin *gradus* = trinn, og er tolka som at kongsetet var bygd opp som ein tribune med trinn eller avsatsar. Denne kongestolen, eller restane av han, eksisterte til omkring 1600.³⁷ Hyllingsstolen kan tidlegast ha blitt bygd til hyllinga av barnekongen Magnus Eriksson i 1320-åra, men også så seint som ved hyllinga av Karl Knutsson i 1449 eller Christian I. i 1450.

Kunnskapen om altaret si plassering skal i så fall ha blitt bevart i minst 150 år og kanskje heile 300 år etter rivinga av Mariakyrkja, og utan at noko mellomliggende byggverk på same tomte er kjent. Det er denne opplysinga i Flateyarbók, som Krefting også referer til, som gjorde at han så klart og ukritisk tolka dei murrestane han fann som Mariakyrkja og Kongestolen. Men korleis har kunnskapen om plasseringa av Mariakyrkja overlevd så lenge, og kvifor var det eit poeng for skrivaren på slutten av 1400-talet å understreke at Gradene låg på same stad som alteret i Mariakyrkja? Og var det eigentleg eit symbolsk poeng å legge kongestolen nettopp over koret i Mariakyrkja?

Hyllingsstolen fekk inga lang brukstid: Den siste kongehyllinga i Nidaros skjedde i 1483, då kong Hans vart krona og hylla her. Dei seinare kongehyllingane i Norge skjedde i Oslo/Christiania, den siste i 1648. Stolen var i forfall på slutten av 1500-talet, og i 1596 bygde kongens lensherre ein trebygning over Kongestolen, stor nok til at også lagtinget for Trøndelag kunne haldast der. Stolen hadde altså tydeleg nok enno ein symbolsk funksjon. I 1567 nemner Bergenshumanisten Absalon Pedersson Beyer stolen som ein

av dei viktigaste tinga i Trondheim: »... der er erchestol, der er kongens ypperste sede, der er den vide berømde domkirke, oc paa hennis kirkegaard den sted, paa hvilchen kongerne bleffue kronede«.³⁸

Omkring år 1600 skriftfestar Peder Clausson Friis den einaste skildringa vi har av stolen, men bygd på andrehands skildringar: »Blant andre skiønne Bygninger i denne Bye kand ogsaa regnes den prægtige Kongens Stool, som er opmuret paa Dom-Kirke-Gaarden af udvalgte hugne Steen, med mange Trapper og Opgange, paa hvilken Stool Kongerne sadde, naar de lode sig hylde eller krone«.³⁹

Men 30 år seinare var det nemnde trehuset i forfall, og eit nytt lagtingshus vart bygd ca. 100 meter lenger mot nord, utanfor kyrkjegarden. I løpet av dei neste 20-30 åra ser kongestolen ut til å ha blitt nytta som steinbrot, m.a. til det første tårnet på Vår Frue kyrkje lenger nord i byen etter ein brann i 1651. På det eldste kjende biletet av Domkyrkja, utført av presten Maschius i 1661, er ikkje kongestolen klart framstilt, men ein liten ruinhaug og ei gruppe personar nord for kyrkja er blitt identifisert som denne lokaliteten. Dette er den same staden som seinare er tolka som Mariakyrkja og kongestolen sin plassering, men det blir ei ringslutting. I det latinske diktet som biletet tilhøyrrer, talar Maschius om »den næraste gardens høgsete av stein ... og den skinande marmorens prakt. Så mange kretsar av stein ser du stå tilbake, som du vil tru er opne enger med narcissar, og du vil tru at det er ein åsrygg som reiser seg opp frå stranda«.⁴⁰ Dette skulle tyde på at det var langt meir bevart av kongestolen enn dei få steinane som viser på Maschiusstikket.

10. Utgravingsarbeidet

W.Bergstrøm noterer i dagboka for 26. august 1887: »Efter Hr. Major Kreftings anvisning er en Mand i Dag begyndt at grave ude paa Kirkegaarden ... Man har her

ved at grave til Lig stadig støt paa Sten og Kalkgrus, og mener Hr. Major Krefting, at der kunne finde Levninger af Mariakirken«. Nokre dagar seinare dukka det opp »Spor af et firkantet Rum, som har været overhvelvet, noget af Hvelvet staar endnu tilbage« (ibid.). I hjørnet av dette rommet »findes en firkantet muret Brønd« som Bergstrøm tolka som »kun en Synkebrønd for Gravstedet () for at holde Gravkammerets Gulv mere tørt«. Han noterer også at »Hr. Intendant Krefting havde en formening om at det kan være den originale St.Olafs Brønd, før man fik den nuværende inde i Høikoret, en Mening som jeg ikke kan bifalde«. ⁴¹

Krefting var uansett ikkje interessert i kva den erfarne Bergstrøm meinte om saka. I publikasjonen om utgravinga tre år seinare skriv Krefting om denne konstruksjonen: »Den maa derfor antages at være den oprindelige Olafsbrønd eller Olafskilde, som Harald, da han byggede sin Kirke til Jomfru Marias Ære, har indbygget i dens Korvæg lige ved dens Høialter«. ⁴² Han nemner ingenting om Bergstrøm sin observasjon av ein kvelvingsrest. Ein kvelving her ville ikkje passe saman med tolkinga av dette rommet som eit kyrkjeor.

Krefting gjorde også små utgravingar lenger mot vest innimellom gravene. Han fann fleire murrestar i



Fig. 9. Utgravingsteikning av murverket som er tolka som restane av kongestolen. Teikning: Wilhelm Bergstrøm 1887. NDRs arkiv nr. 3230.

området, men ingen sikre spor etter murar eller fundament som kunne tolkast inn i den grunnplanen han meinte skipet i Mariakyrkja hadde hatt. Han antok at alle restar av skipet var fjerna gjennom anlegget av dei nye gravene i 1860-70-åra. Likevel teikna han inn ein grunnplan med kor og skip og antok at kyrkja hadde vore ca. 100 fot/33 m lang.⁴³ Den 9. september noterer Bergstrøm: »Vi har nu i sirka 8 Dages Tid, gjort Undersøgelser efter Mariekirken, Kongestolen m.m.«.⁴⁴ Dette markerer truleg slutten på arbeidet. Interessant nok var domkyrkjearkitekten, Chr. Christie, bortreist i perioden 22.8-20.9, og Krefting har nok fungert som sjef i denne perioden.

Heldigvis eksisterer enno feltteikningane frå utgravinga i arkivet til Nidaros Domkirkes Restaureringsarbeider. Det er 4 teikningar, 3 planar og 1 perspektivteikning, i tillegg til 2 mindre skisser.⁴⁵ Disse viser alle konstruksjonane som Krefting presenterer i sin publikasjon frå 1890.

Det øverste av dei to laga med murrestar som Krefting fann, låg rett under bakken. Den bevarte delen hadde krum form, og han tolka det som rest av ein sirkelforma eller åttekanta konstruksjon. Mot søraust stakk det ut ein murstump som han tolka som ein støttestøtte eller lisene (fig. 9). Muren var oppført av små steinar lagt i kalk, og gav inntrykk av å vere ein murkje, der det ytre skalet av naturstein var fjerna. Konstruksjonen skal ha hatt ein diameter på ca. 10 meter.⁴⁶

Under denne låg ein eldre konstruksjon, ein mur med rettviskila grunnplan (fig. 10). Denne var ca. 5 fot/1,5 m tjukk og oppført av til dels store, runde steinar lagt i kalk.⁴⁷ Krefting tolka dette som koret i Mariakyrkja, på grunnlag av opplysinga i Flatteyarboka. Eit firkanta fundament av kuppelstein lagt i kalk, som låg midt inne i rommet, tolka Krefting som eit altarfundament




Fig. 10. Planskisse av murrestane som Krefting tolka som kongestolen (nederst) og den underliggende, rettviskila muren som han tolka som koret i Mariakyrkja (øverst). Det firkanta fundamentet i midten tolka Krefting som eit altar, men det kan også godt stamme frå ein midtstøtte. Nord er opp. NDRs arkiv nr. 3226.




Fig. 11. Kreftings publiserte rekonstruksjon av »Mariakirken og Kongestolen«, med »Olavsbrønnen« under nordveggen i »koret«. Etter: Krefting 1890.

dament. Fundamentet målte ca. 2 x 2 m og låg ca. 2 m frå både nord- og austveggen. Vest- og sørveggen i rommet er ikkje dokumentert ved utgravinga, og Krefting nemner dei ikkje (fig. 10).

Det mest interessante trekket ved denne eldste konstruksjonen var ein mura brønn eller liten kjellar inntil og delvis under nordveggen i den eldste konstruksjonen. Den var 3'7"/1,10 m lang, 2'6"/0,79 m brei og 5'4"/1,68 m djup, og bygd av hoggen kleberstein som var uregelmessig murt. I den delen som stakk inn i rommet var det ein fals i overkanten for eit lokk. Krefting la steinheller over »brønnen« før utgravingsfeltet vart fylt att, og det er derfor gode sjansar for at han enno eksisterer.

Dei einaste daterande funna som Krefting omtaler er to myntar som vart funne i grusen nede i »brønnen«. Den eine er ein brakteat prega under kong Magnus Ladulås i Sverige i 1277 og den andre un-

der kong Eirik Magnusson i Norge (1280-99).⁴⁸ Med den tids grove arbeidsmetoder er funnet av to myntar, som også er så godt som samtidige, ein sterk indikasjon på at denne eldste konstruksjonen vart riven på slutten av 1200-talet.

Dateringa av disse myntane skaper eit problem, ettersom dei er prega over hundre år etter at Maria-kyrkja vart riven, og mange tiår før kongestolen skal ha blitt bygd på same tomte. Men var det verkeleg Mariakyrkja og kongestolen Krefting fann restane av?

Denne »brønnen« var likevel kjent så tidleg som i 1817, då Klüwer laga sitt kart over gravene på kyrkjegarden.⁴⁹ Både dei måla han oppgir og plasseringa på kartet er nesten identisk med Krefting sine opplysingar. Han kallar konstruksjonen »en af Grøtstene muret og med en Steenhelle dækket Kjelder«, og fortel at »Rundt omkring den findes store Steenblokke og endeel Kalk«. Klüwer fortel ikkje om eller kvifor konstruksjonen var

synleg på overflata i hans tid. Det måtte vere ei eller anna synleg markering, for Klüwer kunne vel knappast finne noko på slump på eit så stort område.

Skissene frå utgravinga i 1887 er ikkje målsette og det er ingen snitt, berre planteikningar. Det er også uvisst om avgrensingane av murverket skuldast seinare øydeleggingar eller berre at gravearbeidet ikkje kunne halde fram her p.g.a. gravleggingar. Den øverste konstruksjonen, som tydelegvis låg berre 20-30 cm under overflata (Krefting: »strax under Veibanen«), kan tolkast som ein murkjerne med stein i kalkmørtel, men utan bevarte murliv o.l. Eit lite utspring vart av Krefting tolka som ein støttepillar eller lisene, men det kan like gjerne vere eit resultat av bortrivning av eit stykke av murverket. Fundamentet ser ut til å ha ei krum ytterside, og Krefting tolka dette som ein del av eit sirkelforma eller åttekanta byggverk. Fundamentet var tydelegvis grunt, etter perspektivskissa å døme besto det av berre 1-2 skift med stein.

11. Tårn eller kyrkje?

Under den første konstruksjonen fann Krefting ein eldre konstruksjon, i form av eit rettinkla hjørne med eit firkanta fundament på 2 x 2 meter innanfor (fig. 10). Den omtalte »brønnen« låg inntil og delvis under nordmuren. I eller ved nordmuren fann Krefting to myntar frå slutten av 1200-talet.⁵⁰ Golvnivået låg ca. 7 fot/2,1 m under bakkenivået i 1887. Krefting hevda at dette var koret i Mariakyrkja, utan å forklare at det faktum at denne kyrkja i så fall ville ligge svært djupt i terrenget. Det firkanta fundamentet tolka han som altarfundament.⁵¹

Gjennom punktundersøkingar lenger vest prøvde han å finne restar av eit kyrkjeskip, men utan å lukkast, og konkluderte med at nyare gravleggingar hadde fjerna alle spor.

Den eldre konstruksjonen kan like gjerne gjevast ei anna tolking. Seinare undersøkingar har vist at terrenget her ikkje har heva seg meir enn nokre desimeter sidan mellomalderen. Dette må derfor vere ein *nedgravd* konstruksjon, altså ein kjellar. Det firkanta fundamentet kan, i staden for eit altar, vere fundamentet til ein pillar eller søyle. Dersom det låg midt i rommet, vil det vere 2 meter fritt rom på kvar side, slik at rommet eller kjellaren målte ca. 6 x 6 m innvendig. Murane var ca. 1,5 m tjukke, slik at heile konstruksjonen ville måle ca. 9 x 9 m utvendig. Her passsar Bergstrøm sin observasjon av ein kvelvrest svært godt inn. Pillaren midt i rommet ville i så fall støtte ein steinkvelv som spente over rommet.

Kunne dette kanskje vere ein krypt under koret i Mariakyrkja? Det er ingenting ved den muren som Krefting avdekte som tyder på ein slik funksjon. Murverket er for grovt til eit statusrom som ein krypt, og det er heller ingen ting som tyder på at Mariakyrkja hadde krypt, t.d. gjennom særlege relikvier eller ein spesiell kult som kunne forklare ein krypt så tidleg som ved midten av 1000-talet.

Den løysinga som dermed står att, er at konstruksjonen representerer ein nokså regulær underetasje til eit steinhus eller tårn, altså ein verdsleg bygning og ikkje ei kyrkje. Slike steinbygningar er ikkje uvanlege i tidleg mellomalder ved kyrkjer.⁵² Dei kan vere spor etter ein residens for geistlege eller verdslege stormenn, eller frå ein bygning som hadde ein funksjon ved katedralen. M.a. i Danmark er det funne fleire slike steinbygde kjellarar frå tidleg mellomalder ved kyrkjer. Ettersom vi veit at det var ein kongsgard i dette området heilt frå midten av 1000-talet til seinmellomalderen, kan det godt tenkast at denne bygningen var ein del av kongsgarden. Alternativt kan han vere ein del av kannikresidensane eller domkyrkjeanleg-

get. Mariakyrkja er dette i alle fall ikkje. Dei to myntane frå slutten av 1200-talet som vart funne i grusen kan datere rivinga av dette byggverket til omkring år 1300 eller litt før. Det er kjent fleire tårn eller kastell som utvendig måler ca. 9-10 m i firkant. Det er omtalt minst to slike enkeltstående tårn i Trondheim på slutten av 1100-talet: det eine sto ved innløpet til elvehamna og det andre ved brua over Nidelva sørvest for Erkebispegarden.⁵³

Men kva var dette øvre fundamentet? Det kan godt tenkast at dette faktisk er ein del av den gamle kongestolen, som i så fall vart bygd i grenseområdet mellom kongsgarden og domkyrkjeområdet. Det grunne fundamentet tyder på eit lett byggverk, men i tillegg låg det solide, eldre fundament under. Opplysingane frå 1600-talet viser tydeleg at kongsstolen sto på kyrkjegarden, men ikkje nøyaktig kvar. Heller ikkje Maschius-stikket frå 1661 gir ei klar og sikker loka-



Fig. 12. Maschiusstikket frå 1661, som viser Nidarosdomen sett frå nord. Den vesle gruppa med personar nederst til venstre står i ein steinhaug som er tolka som restane av kongestolen.

lisering, sjølv om teksten til stikket gir inntrykk av at det enno var bevart klare og tydelege restar av konstruksjonen (fig. 12).

Det beste argumentet for at kongestolen verkeleg var plassert her, er at dette punktet ligg midt i ein trekant mellom domkyrkja, kongsgarden og byen, eit område som derfor var godt eigna som ein samlingsstad for mykje folk. Den mellomalderske vegen frå byen forbi domkyrkja og vidare til Elgeseterbrua, som i dag er ein gangveg gjennom parken, går rett over fundamentet. Etter moderne smak ville nok Vestfrontplassen vere ein meir monumental plassering for ein slik storslått seremoni, men ingen ting tyder på at denne vart brukt til anna enn prosesjonar.

12. Rivinga av Mariakyrkja

Den einaste faktiske opplysinga om lagnaden til Mariakyrkja, er at erkebiskop Øystein lot kyrkja rive og steinen føre over til Elgeseter og det nygrunnlagde augustinar-klostret. Minnet om at veggane var så solide at det var vanskeleg å rive dei, har festa seg i Trondheim.⁵⁴ Seinare forfattarar har kopla rivinga av Mariakyrkja saman med Øysteins grunnlegging av Oktogonen i 1180-åra, ei kopling som det ikkje finst noko historisk grunnlag for. Ifølgje denne hypotesen skulle Mariakyrkja fysiske ha stått så nær Olavs Kyrre Kristkyrkje at ho måtte rivast då Oktogonen skulle byggast. Det finst ikkje det minste dokumenterte grunnlag for dette. Kreftings framlegg til plassering, omlag 20 m nord for Kapittelhuset, ville ikkje representere det minste problem for disse byggearbeida. Vi har no sett at Krefting tok feil. Det må derfor vere ei anna forklaring.

Spørsmålet blir meir komplisert ved at Mariakyrkja også var ei kongeleg kyrkje, som ifølgje Snorre først hadde fungert som kongsgardens kyrkje. Av Snorre si framstilling går det fram at Mariakyrkja sto på ein

høg stad, og at Harald bygde kongsgarden på eit lågare område nede ved elva. Kongsgarden er for lenge sidan forsvunnen, men det er alment akseptert at han låg rett aust for katedralen, på nordre del av det området langs Nidelva som blir kalt »Marinen« i dag. Erkebiskopen kunne derfor ikkje rive ei slik kyrkje utan løyve frå kongen.

Situasjonen blir vidare komplisert ved at i Sverresoga, som i stor grad er ei samtidskjelde, blir både Mariakyrkja og Elgeseter kloster omtalt i same setning, i ei hending som er datert til 1184: I samband med døypinga av det store skipet »Mariasuda« gav kong Sverre ein messehakel til Mariakyrkja, ei kantorkappe til Elgeseter kloster og resten av messeutstyret til Nonneseter kloster på Bakke.⁵⁵ Dette kan likevel vere ei anna Mariakyrkje, t.d. den som stadig eksisterer, men ombygd i stein på 1200-talet (Vår Frue kyrkje). Valget av dei to klosterkyrkjene kunne tyde på at bykyrkjene var haldne utanfor, sjølv om nettopp namnet på skipet kan vere årsak til at akkurat Mariakyrkja fekk messehakelen. Det er også god grunn til å tru at begge klosterkyrkjene også var vigsla til Maria: Mariadedikasjonen følgde truleg med til Elgeseter, og klostret sitt segl viser Maria med barnet. Bakke nonnekloster var også truleg vigsla til Maria. Kong Sverre har i så fall delt alt messeutstyret som vart brukt ved vigslinga av Mariasuda på tre Mariakyrkjer i Nidaros.

Den yngre Mariakyrkja er først omtalt i samband med eit slag i Trondheim i 1207. Utfrå samanhengen er det klart at denne kyrkja var oppført av tre, og ho vart både sterkt skada og vanhelga gjennom ein massakre på krigarar som hadde søkt asyl der. Derfor måtte kyrkja byggast på nytt etter dette slaget, og vart

no bygd i stein. Den bevarte dekoren på koret i Vår Frue er i tidleg-gotisk stil og kan daterast til dei første tiåra på 1200-talet.

13. Konklusjon

Vår kunnskap om aktiviteten på Domkyrkjeplatået før år 1200 bygger i stor grad på usikre, eldre kjelder og observasjonar som har gått inn i dei allmenne oversiktene som etablerte fakta. Ved ein meir nøye gjennomgang av materialet viser det seg at både historien om Olavs grav og Olavskjelda under Nidarosdomen må sjåast på som legender, og den opphavlege samanhengen er endra alt i tidleg mellomalder for å skape ein historie om kontinuitet i helgendyrkinga. Det var stor agrar aktivitet på Domkyrkjeplatået i sein vikingtid, og Nidarosdomen er grunnlagd midt i eit stort tunområde, der det også låg førkristne graver.

Dette området er blitt innlemma i kongsgarden som vart grunnlagd omkring 1050, og omkring 1150 låg det tre steinkyrkjer her på eit lite område, som alle var kongelege stiftingar og som hadde eit samband med kongsgarden. Den eine vart katedral, den andre vart flytta og den tredje vart verande kyrkje for samfunnet i kongsgarden.

Staden og murrestane som sidan 1880-åra er blitt utpeikt som Mariakyrkja, viser seg ved nærare gransking å ikkje kunne halde oppe denne tolkinga. »Koret« er etter alt å døme ein kjellar i eit profant steinhus med midtpillar og steinkveld, og som vart riven omkring år 1300 eller litt før. Murresten oppå denne kjellaren kan stamme frå kongestolen, men tradisjonen om eit samband mellom stolen og Mariakyrkja kan i så fall ikkje stemme. Mariakyrkja si lokalisering skal søkjast ein annan stad på området, uvisst kvar.

Noter

1. Berg 1951 s. 67.
2. Fett 1908 s. 7, i sitat etter Nicolaysen i Historisk Tidsskrift, 2. Række VI.
3. Soga om Olav den Heilage, kap. 238.
4. Ibid., kap. 245.
5. Historien om de gamle norske kongene, kap. XX.
6. Passio Olavi. Oslo 1930.
7. Nordeide 2003 s. 83.
8. Reed 1998 s. 91.
9. Chris Mclees, personlig meddelelse.
10. Ekroll 1997, McLees 2003.
11. Brendalsmo 2001 s. 85ff.
12. Snorre omtaler Torgeir Avrårdskoll i prologen i Heimskringla.
13. Schørring 1991: 17 og 113.
14. Jeppesen & Madsen 1989 s. 7.
15. Fischer 1965 s. 23-43.
16. T.d. Fischer 1965 s. 30-32, Krefting 1885 s. 7.
17. Heimskringla 1868 s. 671: »hann lét ok gera i Niðarósi i konungsgarði Nikoláskirkju, ok var þat hús allmjök vandat at skurðum ok allri smið«.
18. Passio Olavi 1930, s. 76.
19. Blom 1997 s. 171.
20. Bøyum 2004, Kap.1.
21. Mathiesen 1890 s. 171.
22. Disse vart lagra i ein bygning i Erkebisppegarden, og gjekk tapt i brannen her i 1983.
23. Bergstrøms dagbok 4.12.1888: »Da der blev graved ved anden Pille fra Taarnet paa søndre Side i Korets Grund, fantes der vel vedligeholdet Spor af 2 store Stolper, som engang har staaet nede i Jorden, 2 Al. 15« dybt under Gulved«.
24. Bergstrøms dagbok 14.01.1889: »Foran Foden af Gravstedet E fandtes Rester af en stor lodret staaende Stok eller Bjelke«.
25. Nicolaysen 1871.
26. Bergstrøms dagbok 7.11.1884, Krefting 1885 s. 26-27.
27. Ifølge Peder Claussons utgåve av Snorre vart han gravlagt på den søndre sida av koret. Bror hans, hertug Skule, lot utføre eit gravminne over han der hjelmen, sverdet og skjoldet hans vart hengt opp. Skule vart, ifølge Flateyrbok og Codex Frisianus gravlagt på same stad, under der som kong Inge låg *fyrir sunnan þar undir niðri, sem hann hafði látið búa um leg Inga konungs bróður sins upp i steinvegginum*. Sjå også Nicolaysen 1871.
28. Binski 1996 s. 112, fig. 151.
29. Soga om Harald Hardråde, kap. 38.
30. Ibid., kap. 99.
31. Ágrip, kap. 42.
32. Historien om de gamle norske kongene, kap. XXI.
33. »*Haralldr konungr let giora Mariukirkiu norðr j Nidarose og stod þar þa alltarid sem nu eru gradnar hia Kristkirkiu. han lagde þar til þrouentur myklar og hann efldi miog kaupstadinn j Nidarose.*« (Flateyrbok bd. III, s. 344).
34. »*og ligr han ath Elgesetri þuiath þath þotti fallid ath hann fylgdi þeirri kirkiu er hann hafdi sialfr latit gera. en Eysteinn erkibyskup liet hann þangad færa hreinlifismonnum vndir hendr og afladi þar till mikilla eigna og auktti miog stadarens giædi medr þeim eignum er hann sialfr hafdi þangat gefit.*« (Flateyrbok bd. III, s. 399).
35. Munch & Schirmer 1859 s. 12, Krefting 1890 s. 5.
36. Kolsrud 1914 s. 65, Lysaker 1992 s. 8-11. Denne opplysinga vart lenge datert til ca. 1380, då Flateyrbók vart compilert, men alt Kolsrud oppdaga at 23 blad med m.a. sogas om Harald Hardråde var interpolert om lag 100 år seinare.
37. Norske Rigsregistrarnter III, s. 170, 258.
38. Storm 1895 s. 35.
39. Friis 1757 s. 73.
40. Omsett av Áslaug Ommundsen etter originalen frå 1661: Saxeo fundi Solio propinqvi/ (Jura sic qvondam Pietate stabant)/ Marmoris nec non nitidi decore/ Clarior usq;./ Qvot vides Saxi superesse circlôs/ Prata narcissi resoluta credes/ Et jugum credes, mediis qvod undæ/ Surgat arenis«. Trygve Lysaker (1992) brukar ei friare omsetjing: »En kongestol bygd av stein på et engstykke i nærheten av kirken. (Et tingsete stod der òg en gang høyt respektert). Den (kongestolen) strålte med herlig dekor av skinnende marmor. Du ser så mange steinringer ennå at du kunne tro at enga var prydet med narcissar, og du kunne tenke deg at det var et berg som reiste seg opp fra sandmelen, kastet opp av bølgene«.
41. Bergstrøms dagbok 30. 8. 1887.
42. Krefting 1890, s. 5.
43. I arkivet til Nidaros Domkirkes Restaureringsarbeider er det bevart seks skisser frå utgravingane. Dei fleste er utført av byggmeister Wilhelm Bergstrøm. Arkivnr: 3230 (W.Bergstrøm 1887), 3236 (udat.og usign., truleg Bergstrøm), 3243 (udat. og usign., utan tvil Bergstrøm), 3245 (usign. august 1887, men utan tvil Bergstrøm), 3273 (utan tvil Bergstrøm, men udat. og usign.), 3274 (Wilhelm Bergstrøm 21.6.1892).
44. Bergstrøms notisbok, NDRs arkiv: Gb-0153.

45. I NDRs teikningsarkiv har disse nr. 3230 (WB 1887), 3236, 3243, 3245 (august 1887), 3273 og 3274. WB er Wilhelm Bergstrøm, byggmeister ved NDR 1876-1904. Utifrå stil og skrift har han truleg utført alle teikningane.
46. Krefting 1890, pl. IV, fig. 5.
47. Krefting 1890 s. 4.
48. Myntane er ikkje innlevert til Vitenskapsmuseet, og ser derfor ikkje ut til å vere bevart. Pers.med. numismatikar Jon Anders Risvåg, Vitenskapsmuseet, NTNU.
49. Klüwer 1823 s. 39 og plansje 8, nr. 55.
50. Krefting 1890 s. 5. Dei eine er ein svensk brakteat, prega i 1277 for kong Magnus Ladulås, og den andre er ein norsk mynt, prega under kong Eirik Magnusson (1280-99).
51. Krefting 1890 s. 4f.
52. Schørring 1991 s. 19f.
53. Ekroll 1995 s. 36-40 .
54. Liknande historier lever enno i fleire norske bygder etter dei mange rivingane av mellomalderske steinkyrkjer i 1860-70-åra, t.d. Herøy på Sunnmøre (riven 1859).
55. Sverresoga, kap. 80.

Litteratur

- Berg, Henry: *Trondheim før Cicignon*. Trondheim 1951.
- Binski, Paul: *Westminster Abbey and the Plantagenets*. New Haven & London 1995
- Blom, Grethe Authén: Hellig Olavs by. Middelalder til 1537. *Trondheims historie 997-1997*, bind 1. Oslo 1997.
- Brendalsmo, A. Jan: *Kirkebygg og kirkebyggere. Byggherrer i Trøndelag ca. 1000-1600*. Upublisert avhandling til dr.philos. Tromsø 2001.
- Bugge, Anders: Oktogonens gåte. *Oluf Kolsrud in memoriam. Norsk teologisk tidsskrift XLVI*. 3-4. Side 199-221. Oslo 1946.
- Bøyum, Åsmund: *Olavskilden i Trondheim. Kilden og Hellig Olavs grav*. Trondheim 2004
- Ekrem, Inger: *Nytt lys over Historia Norwegie*. Bergen 1998.
- Ekroll, Øystein: To kastell i Jämtland – og eitt i Trondheim? *SPOR* nr.2/1995.
- : Vikingtidsgrav under Nidarosdomen? *SPOR* 1997/1.
- Fett, Harry: Hellig Olavs martyrgrav. Et bidrag til ottekantens historie. *Bergens Museums Aarbog* 1908. Side 3-23.

- Heimskringla eller Norges Kongesagaer*. Udgivne ved C.R. Unger. Christiania 1868.
- Historia Norwegie*. Edited by Inger Ekrem and Lars Boje Mortensen. København 2003.
- Jeppesen, J. & H.J. Madsen: Skeigården. *SKALK* nr. 5/1989.
- Klüwer, L.D.: *Norske Mindesmærker*. Christiania 1823.
- Krefting, O.: Indberetning om en antikvarisk Undersøgelse i Throndhjems Domkirke 1865-66. Side 6-21. *Foreningen til norske Fortidsmindesmærkers Bevarings Aarbog* 1866.
- : Om 2de Væggebegravelser i Trondhjems Domkirke. Side 29-31. *Foreningen til norske Fortidsmindesmærkers Bevarings Aarbog* 1870.
- Supplement til en i 1865 i Trondhjems Domkirke foretagen antikvarisk Undersøgelse. Side 7-11. *Foreningen til norske Fortidsmindesmærkers Bevarings Aarbog* 1872.
- Om Throndhjems Domkirke. Throndhjem 1885.
- Undersøgelser i Throndhjem. Kristiania 1890.
- Lysaker, Trygve: *Den gåtefulle kongestol på Domkirkegården*. Nidaros Domkirkes Restaureringsarbeiders forlag småskrift nr. 3. Trondheim 1992.
- Maschius, J.M.: *Norwegia Religiosa*. Christiania 1661.
- Mathiesen, Henrik: Olafsbrønden i Throndhjems domkirke. *Historisk Tidsskrift*, 3. Række, 1. Bind. Side 165-188. Kristiania 1890.
- McLees, Chris: Nidarnes før Nidaros – bosetning på Nidarnes-halvøya i jernalderen. *SPOR* 2003/2.
- Munch, P.A. & Hermann Schirmer: *Throndhjems Domkirke*. Christiania 1859.
- Nicolaysen, Nicolay: Om de kongelige begravelser i Norge efter hedendommen. *Historisk Tidsskrift*, 1. bind. Side 1-23. Kristiania 1871.
- Nordeide, Sæbjørg W.: *Erkebisppegården i Trondheim. Beste tomte i by'n*. Trondheim 2003.
- Norges historie. Historien om de gamle norske kongene. Historien om danenes ferd til Jerusalem*. Oversatt av Astrid Salvesen. Thorleif Dahls kulturbibliotek. Oslo 1990.
- Reed, Ian: *Utgravningene ved vestfronten av Nidaros domkirke*. NIKU oppdragsmelding 055. Trondheim 1988.
- Schørring, Ole (red.): *Tamdrup. Kirke og gård*. Horsens 1991.
- Storm, Gustav: *Historisk-topografiske Skrifter om Norge og norske Landsdele, forfattede i Norge i det 16de Aarhundrede*. Christiania 1895.
- Ågrip. *Norrøne bokverk* 32. Det norske Samlaget. Oslo 1973.